

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
HELSE, OPPVEKST OG KULTURUTVALET	30.10.2018	042/18
KOMMUNEPLANUTVALET	05.11.2018	016/18

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Inge Bjørdal	Arkiv: K1 - 223	Arkivsaknr 15/48

Kulturminneplan - utlegg av Kulturminneplan for Stranda kommune til høyring

Rådmannen si tilråding:

Utkast til kulturminneplan for Stranda kommune (KMP) vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Vedtaket er gjort med heimel i PBL §§ 4-1 og 11-13.

Stranda kommune ønskjer at ein brukar inntil 50 timar på katalogisering av bildematerialet som er samla inn og til å koordinatfeste bileta. Kostnaden med dette er fremja som ein del av budsjettposten for konsulenttenester til planarbeid 2019.

30.10.2018 HELSE, OPPVEKST OG KULTURUTVALET

Framlegg under møtet

Omforeint framlegg

Nytt pkt. 3 og som skal til formannskapet:

Alle registrerte kulturminner bør kartfestast og digitaliserast. Kostnader knytt til dette bør inn i budsjett 2019.

Samrøystes

Møtebehandling

Tilråding til KPU samrøystes

HOK- 042/18 Vedtak:

1. Utkast til kulturminneplan for Stranda kommune (KMP) vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Vedtaket er gjort med heimel i PBL §§ 4-1 og 11-13.
2. Stranda kommune ønskjer at ein brukar inntil 50 timar på katalogisering av bildematerialet som er samla inn og til å koordinatfeste bileta. Kostnaden med dette er fremja som ein del av budsjettposten for konsulenttenester til planarbeid 2019.
3. Alle registrerte kulturminner bør kartfestast og digitaliserast. Kostnader knytt til dette bør inn i budsjett 2019.

05.11.2018 KOMMUNEPLANUTVALET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KPU- 016/18 Vedtak:

1. Utkast til kulturminneplan for Stranda kommune (KMP) vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Vedtaket er gjort med heimel i PBL §§ 4-1 og 11-13.
2. Stranda kommune ønskjer at ein brukar inntil 50 timar på katalogisering av bildematerialet som er samla inn og til å koordinatfeste bileta. Kostnaden med dette er fremja som ein del av budsjettposten for konsulenttenester til planarbeid 2019.
3. Alle registrerte kulturminner bør kartfestast og digitaliserast. Kostnader knytt til dette bør inn i budsjett 2019.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda kommune har i *Kommunal planstrategi 2012-2016* (ikkje endeleg godkjent) sett opp KMP som prioritert plan i 2014.

Saksopplysningar

KPU gjorde vedtak om oppstart av arbeidet med planprogrammet i vedtak av 14.12.2017 der ein også bestemte av planen skulle ha status som *kommunedelplan*. Dette medfører at planprogrammet og planen skal leggest ut til offentleg ettersyn.

Vurdering

Planen som ligg føre er utarbeidd av ei arbeidsgruppe med følgjande personar:

- Kåre Stadheim (leiar)
- Terje Rusten
- Odd Normann Hoff
- Oddhild Stadheim
- Brit Hansen
- Petter Hjørungdal

Møre og Romsdal fylkeskommune har fått rapportar frå arbeidet undervegs.

Planen som no ligg føre er ein 1.ste-generasjonsplan. Sidan planen har status som *kommunedelplan* skal den rullerast kvar kommunestyreperiode.

Kommunen fekk tildelt 100 000 kr frå Riksantikvaren/MR Fylke til arbeidet. Dette har vist seg å vere svært snautt for å få utarbeidd ein så omfattande plan som den som no ligg føre. Arbeidsgruppa har difor i stor grad mått ta oppgåva som ein dugnadsinnsats.

Prosjektrekneskap for prosjekt Kulturminneplan (D516) viser litt overskriding av budsjettet. Dette vil bli meldt inn som budsjettjustering for 2019.

Gruppa har stilt bildematerialet som er samla inn til disposisjon for kommunen. Dersom kommunen skal ta vare på dette materialet må det katalogiserast. Dette krev ein del arbeidstimar (ca. 50 t inkl. koordinatfesting). Budsjettjusteringa må då ev. ta opp i seg denne utgifta.

Vedlegg:
Dok.dato:
16.10.2018

Vedlegg:
Kulturminneplan Stranda_endeleg versjon pr.
8.10.18

Dok.ID
237482

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

*